Rapport

Valevegen VA

OPPDRAGSGIVER

Stord Vatn og Avløp AS

EMNE

Naturverdiar og framande artar

DATO / REVISJON: 20.10.2025 / 01

DOKUMENTKODE: 10260219-01-RIM-RAP-001



Multiconsult

Dette dokumentet har blitt utarbeidet av Multiconsult på vegne av Multiconsult Norge AS eller selskapets klient. Klientens rettigheter til dokumentet er gitt i den aktuelle oppdragsavtalen eller ved anmodning. Tredjeparter har ingen rettigheter til bruk av dokumentet (eller deler av det) uten skriftlig forhåndsgodkjenning fra Multiconsult med mindre annet følger av norsk lov. Multiconsult påtar seg intet ansvar for bruk av dokumentet (eller deler av det) til andre formål, på andre måter eller av andre personer eller enheter enn det som er godkjent skriftlig av Multiconsult. Deler av dokumentet kan være beskyttet av immaterielle rettigheter og/eller eiendomsrettigheter. Kopiering, distribusjon, endring, behandling eller annen bruk av dokumentet er ikke tillatt uten skriftlig forhåndssamtykke fra Multiconsult eller annen innehaver av slike rettigheter med mindre annet følger av norsk lov.

Rapport

OPPDRAG	Valevegen VA	DOKUMENTKODE	10261921-01-RIM-001
EMNE	Naturverdiar og framande artar	TILGJENGELIGHET	Åpen
OPPDRAGSGIVER	Stord Vatn og Avløp AS	OPPDRAGSLEDER	Håkon E. Børtveit
KONTAKTPERSON	Tarjei Limstrand	UTARBEIDET AV	Helen Kvåle og Silje Hadler-Jacobsen
		ANSVARLIG ENHET	10233012 Miljørådgivning Vest

SAMANDRAG

I samband med oppgradering av VA i Valevegen, Ekro og Rusti, nye pumpestasjonar for avløp i kryss Storhaugvegen og i Hysstadvika. Samt nye avløpspumpestasjonar i Hysstadvika og Aslaksvika, er det gjennomført kartlegging av natur og framande artar, på land og i sjøen i Hysstadvika.

Av terrestrisk natur er det registrert individ av treslaga alm og ask (båe sterkt truga, EN) som mogelegvis omfattast av tiltaket.

I Hysstadvika er det ålegraseng med stor verdi for marint mangfald, som kartleggast før tiltaket utførast. Mykje raudlista fugl nyttar Hysstadvika, og noko raudlista fugl er registrert elles i tiltaksområdet.

Det er mykje framande artar i tiltaksområdet, og det er fare for spreiing av desse i tiltaket.

Avbøtande tiltak som er føreslått:

- Tiltaksplan for handtering av plantedelar og infiserte massar fylgjast
- Om mogeleg unngå å felle registrert alm og asker og desse trea sine rotsoner (minst 1,5 x kroneradius)
- Unngå å felle trær og rydde vegetasjon i hekkeperioden, april-juli
- Om mogeleg leggast trase for nedgraving av sjøleidning utanom ålegraseng. Omfanget på Ålegrasenga er kartlagt, lokaliteten strekk seg omtrent så brei som Hysstadvika er. Det vil derfor ikkje vere mogleg å unngå inngrep ved nedgraving av sjøleidning. Avbøtande tiltak vurderast, og plan for kontroll og overvaking utarbeidast.

Før utføring må fylgjande søknadar utarbeidast:

- Søknad om fysiske tiltak i vassdrag ved bekkelukking.
- Det må avklarast om det må søkast inngrep i kantsone til bekken, og ev. må søknad utarbeidast. (Det er naturleg at denne inngår i søknad om fysiske tiltak).
- Søknad om utfylling i Hysstadvika

REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV
01	20.10.2025	Revidert forprosjekt	Marita Helland	Helen Kvåle	Håkon E. Børtveit
00	18.02.2025	Første utgåve	Helen Kvåle	Birgit Solberg	Håkon E. Børtveit

INNHOLDSFORTEGNELSE

1 Innleiing 5
1.1 Tiltaksområdet 5
1.2 Framdrift 6
2 Kunnskapsgrunnlag og metodikk 6
2.1 Avgrensing av fagtema 6
2.2 Utgreiingsområdet 7
2.3 Framande planteartar 7
2.4 Kunnskapsgrunnlaget 7
2.5 Usikkerheit 8
3 Naturgrunnlag 8
4 Naturverdiar 9
4.1 Raudlista artar 9
4.2 Vassmiljø 11
4.3 Hysstadvika 11
5 Framande artar 13
6 Vurdering 13
7 Framlegg til avbøtande tiltak 14
7.1 Dokumentasjon og løyver som må utarbeidast og innhentast 14
8 Referansar og kjelder 14
9 Vedlegg 1: Tiltaksplan for framande artar. Handtering av plantedelar og infiserte massar 15

1 Innleiing

Stord Vatn og Avløp As skal oppgradere VA i Valevegen, Ekro og Rusti. I kryss Storhaugvegen og i Hysstadvika etablerast nye pumpestasjonar for avløp. Pumpestasjon i Hysstadvika føreset ei utfylling med eit omfang på omtrentleg 150 m3, og frå denne pumpestasjonen vert det lagd sjøleidning til kote -2. I nordenden av Hystadtre leggast til rette for påkopling for nytt bustadområde regulert i «Gnr/bnr 26/1, 26/7, 26/10, 26/791 m.fl. Hystadgardane» (1), samt vil det også bli to påkoplingspunkt i austre del av Hystadtre. Eit punkt pr byggetrinn.


Stord Vatn og Avløp AS planlegg nytt sekundærreinseanlegg for avløpsvatn på Skjersholmane, som skal handtere avlaupet på Stord, det ligg utanfor dette prosjektet. Sjøleidningen skal ikkje knytast til dette anlegget. Sjøleidningen er eit naudoverløp frå pumpestasjonen. Sjølve pumpeleidningen pumpar avløpet opp igjen til Hystadvegen.

Rapporten skildrar naturmangfald i tiltaks- og influensområdet med ei vurdering av verknader tiltaket kan/vil ha på naturmangfaldet og framlegg til avbøtande tiltak.

1.1 Tiltaksområdet

Hysstadvika ligg drygt 1,5 km nordaust for Leirvik sentrum. Tiltaksområdet er i stor grad prega av Hysstadvika, som er ei vid og grunn bukt, einebustader, og i sørenden på Valevegen ligg eit industriområde. Hysstadvika er lokal badeplass og mykje nytta på sommaren. På austsida av Hysstadvika er det mange båtnaust. Kart med tiltaksområdet er vist i figur 1-1.

Bustadane i tiltaksområdet er dels eldre enn 1969, som er eldste tilgjengelege flyfoto over området. Frå 1969 og fram til i dag har det vore ei gradvis fortetting (2).



Figur 1-1: Oversiktskart med tiltaksområdet avgrensa.

1.2 Framdrift

Planlagt oppstart for utføring av tiltak i Ekro og Rusi er våren 2026. For Valevegen/Hystadtre er estimert oppstart sommaren 2026. Prosjektet må koordinerast med andre prosjekt i regi av Stord Vatn og Avløp AS.

2 Kunnskapsgrunnlag og metodikk

Denne rapporten skildrar terrestrisk naturmangfald i tiltaksområdet og influensområdet. Det er gjort ei vurdering av behov for skadereduserande tiltak.

2.1 Avgrensing av fagtema

Naturmangfald omfattar biologisk-, landskapsmessig, og geologisk mangfald, samt økologiske prosessar. Naturmangfald omfattar med dette mangfaldet av artar, genetisk mangfald, leveområde og naturtypar. Naturmangfaldet er alle livsformer og deira levestader. Det omfattar også biologiske prosessar og økologisk funksjon på ulike nivå (3).

Rapporten omhandlar det verdifulle naturmangfaldet, naturmangfald som har forvaltningsinteresse. I dette tilfellet inngår i einast raudlista artar og vassmiljø.

Framande artar er artar som ikkje naturleg høyrer til i Norge, i kategoriane svært høg risiko (SE), høg risiko (HI) og potensielt høg risiko (PH).

2.2 Utgreiingsområdet

Utredningsområdet består av sjølve tiltaksområdet, samt influensområdet som kan eller vil bli påverka midlertidig eller permanent.

2.3 Framande planteartar

Risiko for at framande planteartar skal bli spreidd i samband med tiltaket er vurdert etter rapport M-982 frå Miljødirektoratet, "*Håndtering av løsmasser med fremmede skadelige plantearter og forsvarlig kompostering av planteavfall med fremmede skadelige arter*" (4) og den nye rettleiaren til Miljødirektoratet, "Bekjempe fremmede plantearter" (5).

2.4 Kunnskapsgrunnlaget

Utgreiingsområdet vart 15. oktober 2024 synfart av naturforvaltar Helen Kvåle og marinbiolog Silje Hadler-Jacobsen. Båe frå Multiconsult og med hhv. 19 og 16 års erfaring. Det blei gjennomført supplerande kartlegging av biolog/miljørådgivar Rakel Alvestad med 13 års erfaring.


Forvaltningsinteressante artar og framande artar vart registrert.

For fugl og pattedyr er det ikkje føretatt eigen kartlegging, og vurderingane i denne rapporten bygger utelukkande på data henta frå databasen Artskart og Naturbase. Det er ein del registreringar av fugl i influensområdet gjort etter år 2000, og ut frå dette vurderast kunnskapsgrunnlaget å vere tilstrekkeleg.


Bekken som vurderast opna har i dag ikkje verdi for naturmangfald, og kunnskapsgrunnlaget for denne er vurdert som tilstrekkeleg.

Supplerande informasjon om naturgrunnlag og naturmangfald i området er innhenta frå offentlege databasar som nasjonal løsmassedatabase (6), nasjonal berggrunnsdatabase (7), Artskart (8) og Yr (9). Historiske flyfoto er brukt for informasjon om historikken i området (2). Informasjon om tilstand i vassførekomst er henta frå Vann-Nett og Vannmiljø (10) (11).

Raudlistestatus fylgjer Norsk rødliste for arter og Norsk rødliste for naturtypar (12) (13), sjå figur 2-1 og figur 2-2. Risikokategoriane for framande artar fylgjer Fremmedartslista (14), sjå figur 2-3. Artsbestemming av karplanter fylgjer Norsk Flora (15).



Figur 2-1: Raudlistekategoriar for artar. Figuren er henta frå Norsk rødliste for arter (12).



Figur 2-2: Raudlistekategoriar for naturtypar. Figuren er henta frå Norsk rødliste for naturtyper (13).



Figur 2-3: Risikokategoriar for framande artar. Figuren er henta frå Fremmedartslista 2023 (14).


2.5 Usikkerheit

Det kan alltid vere naturmangfald i tiltaks- og influensområdet som ikkje er kjend og som difor ikkje er med i vurderinga. Det vil alltid vere usikkerheit knytt til om tilgjengeleg kunnskap samsvarar fullt ut med dagens situasjon. Skjønnsmessige vurderingar rommar alltid noko usikkerheit. Der det er usikkerheit om tiltaket sin påverknad på naturmangfaldet, kjem § 9, føre-var-prinsippet, i naturmangfaldlova til bruk.

3 Naturgrunnlag

Mykje av den ytre kysten vår, også Leirvik og Hystad, tilhøyr landskapstypen «beskytta indre småkupert kystslette med tettstad», som er eit landskap ofte på innsida av større øyer og mot fjordane, som ikkje er direkte eksponert for ope hav. Her er «innlandseigenskapar» som vassdrag og høgare arealbruksintensitet og tettleik av bygg, ofte med tettstader og småbyar (16). Stord ligg i boreonemoral vegetasjonssone, som har ei blanding av varmekjær lauvskog og boreal barskog (17).

Bergarten som dominerar på Hystad er kalkspatførande metasandstein, medan det i sjølve Hysstadvika er fylitt (figur 3-1) (7). I NGU sin database er lausmassedekket i tiltaksområdet forvitringsmateriale, utan oppgitt mektigheit (6). Vest i tiltaksområdet er det ein del fjell i dagen, medan det nede i Hysstadvika er marin leire i djupner på opptil 10 m (18). Berggrunnen og forvitringsmateriale av desse gir grunnlag for noko kalkkrevjane vegetasjon, og det er edellauvskog i området, med innslag av artar som alm og ask, kristtorn og krossved.




Figur 3-1: Utklypp frå nasjonal berggrunnsdatabase (7). Tiltaksområdet er omtrentleg innteikna med raudt.

4 Naturverdiar

4.1 Raudlista artar

Det er i Artskart ingen registreringar av raudlista artar i sjølve tiltaksområdet. Innanfor blått polygon i figur 4-1 er det gjort 22 registreringar av raudlista fugl frå og med år 2010, og artane registrert er lista i tabell 4-1. Søket i Artskart vart gjort frå og med år 2000, men alle registreringane er frå 2011 til 2025. Av dei registrerte artane, er det tyrkerdue området synast viktigast for.



Figur 4-1: Kartutsnitt frå Artskart som syner registreringspunkt for raudlista fugl registrert frå og med år 2000 og innanfor blått polygon (8). Artane er lista i tabell 4-1.

Tabell 4-1: Oversikt over dei registrerte fugleartane innanfor polygon som vist i figur 4-1.

Status raudlista	Vit. navn	Norsk navn	Kommentar
VU	Larus argentatus	Gråmåke	3 registreringar, 3-9 individ, januar og juli
VU	Chloris chloris	Grønnfink	3 registreringar, 2-8 individ, januar
NT	Passer domesticus	Gråspurv	4 registreringar, 1, 11 12 og 30 individ, januar og august
NT	Streptopelia decaocto	Tyrkerdue	11 registreringar, 1-10 individ, heile året (stasjonær)
NT	Apus apus	Tårnseiler	1 registrering, 3 individ juli

Under synfaring vart det registrert treslaga ask og alm, båe med status sterkt truga (EN) i raudlista for artar. Artane er truga av innførte soppartar som kan ta livet av trea. I Hysstadvika står tre store asketre som truleg har vore styvingstre, og som har vore vedlikehalde i nyare tid. Desse trea har askeskotsopp, og tilstanden til treet lengst vest er særleg dårleg. Øvst i Hystadtre står det eit alme- og eit asketre som er i god tilstand. Desse trea er yngre, anslagsvis ca. 30 år. Plassering i kart er synt i figur 4-2. Det er fleire aske- og almetrær i tiltaksområdet, men det er svært unge individ.



Figur 4-2: Registrert ask og alm av noen størrelse i tiltaksområdet.

4.2 Vassmiljø

Det renn to små bekkar i tiltaksområdet, og ingen av desse er registrert som vassførekomst. Bekken som kjem ut midt i Hysstadvika startar i dalføret mellom Ekro og Sjoarhaugen. Bekken har blitt lukka mellom 1992 og 2003 (2), truleg i samband med at Hystadvegen 4 vart oppført. Figur 4-3 viser bekkane i kart, og bilete av bekken i Hystadvegen frå han kjem ut under Valevegen og går ut i sjøen.



Figur 4-3: 1; kartutklypp frå norgeskart.no. Bekken startar på austsida av Ekro, og går i kulvert frå Hystadtre 4 og ut i sjøen. Stipla line syner del av bekk vurdert opna. Bekk som i norgeskart.no ligg på austsida av vegen eksistera ikkje. 2; der bekken går ut i sjøen.


4.3 Hysstadvika

Hysstadvika er ein del av vassførekomst Aslaksvika (0260021000-C) som omfattar sjøområdet ved Leirvik sentrum innanfor øyane Ytstøy, Midtøy og Valøy mellom Valøyodden og Sponholmen (figur 4-4). Vassførekomsten er gitt god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand (10).

I Hysstadvika er det registrert to marine naturtypar i Naturbase; Ålegrassamfunn og kamskjellførekomst (16). Info frå faktaark i Naturbase er oppsummert i tabell 4-2.


Tabell 4-2 Registrerte naturtypar i Hysstadvika, Leirvik. Kjelde: Naturbase

Naturtype	Navn og ID	Verdi	Info:
Ålegrassamfunn	Aslakvika i Leirvik BM00072798[1]	Lokalt viktig	*Førekomsten er registrert i 2010 og skildra som middels tett ålegraseng saman med martaum. Storleiken er sett til nær 20.000 m² i djupneintervallet 1-7 meter.*
Større kamskjellførekomstar	Stord, BM00111880[2]	Viktig	Kamskjellførekomst av stort kamskjell oppdelt i fleire felt langs sørspissen av Stord, samt Nautøya, Føyno og Otterøya.



Figur 4-4: Vassførekomst Aslakvika. Utklypp frå Vann-nett (10).

[1] https://faktaark.naturbase.no/?id=BM00072798
[2] https://faktaark.naturbase.no/?id=BM00111880



Figur 4-5 Trasealternativ og kartlagt naturtype Ålegraseng, utfylling markert med raud firkant. Utsnitt henta frå GH001.

Strandsona i Hysstavika består av finkorna, langgrunn strandflate. I strandsona er det spreidd vekst av tang, i hovudsak sauetang, spiraltang, grisetang og blæretang. Det vart ikkje observert ålegrasseng frå land, men avrivne ålegras-planter oppskylt i strandkanten indikera at ålegrasførekomsten registrert i Naturbase-kart eksistera. Dagens omfang av ålegrasenga er blitt kartlagt. Tiltaksområdet for utfylling aust i Hysstadvika ligg utanfor det registrerte arealet for ålegrasseng, medan røyrleidningen sin trase vil krysse denne.

Kamskjellførekomsten som inkludera Hysstavika vurderast å bli lite omfatta av tiltaket. Førekomsten er stor, og skjella er mobile og vurderast å ville rekolonisere omfatta areal etter tiltaket er utført.

5 Framande artar

Det er mange framande artar i tiltaksområdet. Graving i veg er generelt ikkje i konflikt med framande artar, men i ope grøfteareal og hagar kan det vere stor frøbank av framande artar, som ulike misplar, gyvel og fagerfredlaus (alle svært høg økologisk risiko, SE), som er artar som ikkje bør spreiast i tiltaket.

Tiltaksplan for handtering av plantedelar av framande artar og infiserte massar (frøbank og røter) er gitt i vedlegg 1.

6 Vurdering

Det er lite naturmangfald av verdi langs veg og i hagar. Naturmangfald av verdi er i tiltaksområdet knytt til bekkedalen nord i Hystadtre, Hysstadvika som del av vassførekomst, dei registrerte trea av ask og alm, kamskjellforekomst og ålegrassamfunnet i Hysstadvika.

7 Framlegg til avbøtande tiltak

- Det er mykje framande artar i tiltaksområdet. Riktig handtering av plantedelar og infiserte massar er viktig for å unngå å spreie desse artane.
- Anleggsarbeid i og nær vassdrag (bekkar og strandsone) vil føre til partikkelflukt i Hysstadvika. Tiltak for å avgrense partikkelflukt må vurderast, som sedimentasjonskontainer, sandpute eller siltgardin.
- Om mogeleg unngå å felle registrert alm og asker og desse trea sine rotsoner (minst 1,5 x kroneradius)
- Ask med askeskotsjuke som må fellast; felling bør skje når tre ikkje har blad, og utstyr som er brukt ifm. ryddinga må reingjerast grundig. Plantemateriale frå sjuke asketre må sendast til forbrenning.
- Unngå å felle trær og rydde vegetasjon i hekkeperioden, april-juli
- Trase for nedgraving av sjøleidning for naudløp vil gå over kartlagt område av ålegraseng. Avbøtande tiltak vurderast, og plan for kontroll og overvaking utarbeidast, sjå søknad.

7.1 Dokumentasjon og løyver som må utarbeidast og innhentast

- Søknad om fysiske tiltak i vassdrag ved bekkelukking.
- Det må avklarast om det må søkast inngrep i kantsone til bekken, og ev. må søknad utarbeidast. (Det er naturleg at denne inngår i søknad om fysiske tiltak).
- Søknad om utfylling i Hysstadvika utarbeidast.

8 Referansar og kjelder

1. **Stord kommune.** *Gnr/bnr 26/1, 26/7, 26/10, 26/791 m.fl. Hystadgardane, planID 201214.* 2023.
2. **Norge-i Bilder.** Norge i Bilder. [Internett] 2024. https://norgeibilder.no.
3. **Klima og miljødepratementet.** Naturmangfoldloven, LOV-2009-06-19-100. [Internett] 2009. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100?q=nml.
4. **K. Misfjord og S. Angell-Petersen.** *Håndtering av løsmasser med fremmede skadelige plantearter og forsvarlig kompostering av planteavfall med fremmede skadelige plantearter. SWECO-rapport. Veileder M-982.* s.l. : Miljødirektoratet, 2018.
5. **Miljødirektoratet.** Veileder. Bekjempe fremmede plantearter. [Internett] 10 2024. https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/fremmede-arter/bekjempe-fremmede-plantearter/.
6. **NGU.** Nasjonal database for løsmasser. [Internett] Norges geologiske undersøkelse, 2024. Inneholder data under Norsk lisens for offentlige data (NLOD) tilgjengeliggjort av Norges geologiske undersøkelse (NGU). https://geo.ngu.no/kart/losmasse_mobil/.
7. —. Nasjonal berggrunnsdatabase. [Internett] 2024. Inneholder data under Norsk lisens for offentlige data (NLOD) tilgjengeliggjort av Norges geologiske undersøkelse (NGU). https://geo.ngu.no/kart/berggrunn_mobil.
8. **Artsdatabanken.** Artskart. [Internett] 10 2024. https://artskart.artsdatabanken.no.
9. **Yr.** Yr.no. [Internett] yr.no.
10. **Miljødirektoratet.** Vann-nett. [Internett] 10 2024. https://vann-nett.no.
11. —. Vannmiljø. [Internett] 10 2024. https://vannmiljo.miljodirektoratet.no/.
12. **Artsdatabanken.** Norsk rødliste for arter 2021. [Internett] 2021. https://www.artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021/.
13. —. Norsk rødliste for naturtyper 2018. [Internett] 2018. https://www.artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper.
14. —. Fremmedartslista 2023. [Internett] 2023. https://artsdatabanken.no/lister/fremmedartslista/2023?TaxonRank=tvi.
15. **Elven, R. m.fl.** *Norsk flora 8.utgåve.* 2022.

16. **Miljødirektoratet.** Naturbase kart. [Internett] 10 2024. https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase.
17. **Moen, Asbjørn.** *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon.* 1998.
18. **Multiconsult.** *10260219-01-RIG-NOT-001 Geoteknisk Forprosjektnotat.* 2025.
19. **Miljødirektoratet.** Konsekvensutredninger for klima og miljø. [Internett] 2024. https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredninger.
20. —. *Kartleggingsinstruks - Kartlegging av Viktige naturtyper for naturmangfold etter NiN2 i 2024.* s.l. : Miljødirektoratet, 2024. Veileder.
21. *Kartleggingsinstruks - Kartlegging av terrestriske Naturtyper etter NiN2.* **Miljødirektoratet.** 2022, Veileder M-1930, versjon 24.01.2022.
22. **Artsdatabanken.** Artsobservasjoner. [Internett] 09 2024. https://www.artsobservasjoner.no.

9 Vedlegg 1: Tiltaksplan for framande artar. Handtering av plantedelar og infiserte massar